

Forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot og ekstra grunntilskot til private barnehagar i Øystre Slidre kommune

Fastsett av kommunestyre i Øystre Slidre [dato] med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) §§ 19 og 19a og forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar (finansieringsforskrifta) § 1, jf. § 6.

§ 1. Verkeområde og ikraftsetjing

Forskrifta fastset satsar for utrekning av grunntilskot og ekstra grunntilskot til private barnehagar i Øystre Slidre kommune for tilskotsåret.

Forskrifta gjeld for private ordinær barnehage i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19, første og andre ledd.

Forskrifta trer i kraft 01.01.2027.

§ 2. Satsar for grunntilskot

Ved utrekning av grunntilskot til private barnehagar for 2027 blir desse satsane per heiltidsplass nytta:

Kategori	0-2 år	3-6 år
Privat ord. barnehage	kr 279.011,-	Kr 148.732,-

§ 3. Satsar for ekstra grunntilskot

Kommunen sine meirutgifter og meirinntekter til barn av flyktningar er haldne utanfor utrekninga av satsar for grunntilskot, jf. barnehagelova § 19a andre ledd. Dette fordi omfanget av busette flyktningar og med følgande behov for tolk og annan særskilt oppfølging kan variere mykje frå år til år og barnehage til barnehage. Private barnehagar med tilsvarande behov i barnegruppa, vil ha rett til ekstra grunntilskot jf. barnehagelova § 19a andre ledd.

Kommunen fastset difor følgjande satsar per heiltidsplass for ekstra grunntilskot for 2027:

Ekstra grunntilskot	0-2 år	3-6 år
Barn av flyktningar i 1. busetjingsår	Inntil kr 28.900,- per barn ut frå dokumenterte utgifter.	Inntil kr 28.900,- per barn ut frå dokumenterte utgifter.

Satsane er utrekna ut frå barnehagetilskotet frå Integrerings og mangfoldsdirektoratet.

Private barnehagar skal opplyse om forhold som kan ha betydning for retten til ekstra grunntilskot innan 15. desember året før tilskotsåret og ved endringar i løpet av året, jf. finansieringsforskrifta § 5.

§ 4. Utrekningsgrunnlaget og atterhald om endringar

Satsane er utrekna på grunnlag av det siste tilgjengelege kommunerekneskapen som er rekneskapsåret to år før tilskotsåret.

For ordinære barnehagar er satsane utrekna ut frå kommunen sine ordinære driftsutgifter i tilsvarande kommunale barnehagar, med dei frådraga og påslaga som følgjer av barnehagelova § 19a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå utrekningsgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator.

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- kommunen vedtek lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris
- nasjonale styresmakter vedtek endringar i lov og forskrift
- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet vedtek endringar i barnehagetilskotet

Eventuelle justeringar blir gjorde administrativt utan førehandsvarsel jf. forvaltningslova § 37.

§ 5. Dokumentasjon på utrekninga

Utrekninga av satsane er gjort i samsvar med gjeldande regelverk, og grunnlaget er saksframlegg og berekning av tilskot private barnehagar ØSK for det aktuelle tilskotsåret.

§ 6. Enkeltvedtak om kommunalt tilskot

Tilskotet til den enkelte private barnehage blir fastsett som enkeltvedtak etter barnehagelova §§ 19a–c og finansieringsforskrifta § 3, med grunnlag i satsane i denne forskrifta.

§ 7. Delegering

Kommunestyret delegerer si myndigheit etter lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar §§ 19 og 19a og forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar § 1, jf. § 6, til kommunedirektøren når det gjeld:

- § 2. om satsar for grunntilskot
- § 3. andre og tredje ledd om satsar for ekstra grunntilskot

